Stilebok for

Thea Øyjordet

16 blad

Yarn Anika

fiaks 12-4-18 uikke

grunstal

plen

Konfirm. førebuinga i skulen av mor 2 i gamle
Lvar skule hos Hans Ahlstrøm. Eg sykla på vinta
og vart rapportert heime av vegarbeidan for råkjøring
ned over den kule; gamle Råsbakkbugen. Så det vart
anten sykle pent eller gå. Så eg likte ikkje vegen
for det var drygt å gå. ← Tilsettegarnsgarn - Kjole etter Anna
Bytte i stoff - blaser
Så var det Konfirm. kleda. Dei andre gjentene skulle
ha sydd-drakt ~~[illegible]~~ eg hadde ändestakk og ville ikkje tenkje utan
Så gjekk eg ~~og~~ uti Sandom der Fredrik Botten
budde da. M. hadde der var konfirmert i Gimmo det året og
hadde sydd-drakt. Eg kunde ung for å leve fram ... .
... det gjekk greitt. drakta fekk eg låne. Fekk helsing
fra M. ... drakta på Konf. festen i Gimmo for
14 dagar sidan. Eg kunne ikkje ... i dag, bo ...
... i trongaste laget. Konf. dagen den 26. sept var
ein fin vårdag. Eg ... ... lite av sjølve Konfirmasjonen
Men det var høgtideleg da vi gjekk etter presten inn i kyrkja
~~Som~~ var stappfull av folk. Kva eg eller andre svara på kyrkje
golvet husker eg ikkje, derimot kjem eg i hug Biskop Skjelde
var på prestemøtet i Gimmo kyrkje same året. Der vi ~~var~~
fekk kvar vårt spørsmål. Eg skulle fortelje kor lenge
det var sidan Jesus vart født. og det ~~var lett å~~ gjekk
greitt. ~~Heller ikkje~~
Fikk 99 kort. Gaver mange ~~ett~~. ikkje Vaskbue
Av pengar 27,5 kr. i alt.
Av mor og far 5 kr. i sin konvalutt ~~+ [illegible]~~ og den gave
eg var ~~og ~~ mest glad i er denne salmeboka:
Til Thea på konf. dagen den 25/9 - 49
Fra mor og far.

Konfirmasjonsdagen min.

Den store dagen var komen, den som eg hadde både gruva meg til og stunda på. Det var konfirmasjonsdagen min, da eg skulle bli kalla for vaksen gjente. Vêret var som eg hadde ynskt det, stilt og klart, kanskje noko kaldt. Men når det lid så langt på hausten som til 25. september, så er det no ikkje noko sumarvêr lenger. Eg kjende meg liksom så borte, då eg var komen i alle dei nye kleda. Alle var så höflege mot meg, mest som eg skulle vera ein framand. Eg likte det ikkje, kvifor skulle det ikkje vera i dag som andre dagar? Var det for det eg snart var

vaksen? Men eg kjende meg då ikkje meire vaksen no enn før, nei, tvert imot, no tyktes eg ~~og~~ vera enda mindre og barnslegare. Slik tenkte eg og grubla for meg sjølv, der eg gjekk og venta på at klokka skulle bli så mykje, at vi kunne reisa til kyrkja. Størst hug hadde eg til å vera med mor og ordne med det som skulle i huset, men nei, eg skulle ikkje få gjera noko.

Endeleg tuta det i ein bil borte i vegen, og vi skjøna at det var drosja som var komen etter oss. Mor stakk salmeboka inn i handa mi, retta litt på nåla i bringa, og saman med mor og far gjekk eg bort i bilen, der sjåføren sat og venta.

Det var som eg ikkje såg eller höyrde noko, da vi köyrde nordover. Ottaelva som grön og stinn kom i slyngningar söröver, og dei gåtnande liene på sidene som eg för hadde kasta eit beundrande blikk på, festa eg meg ikkje ved i dag. Det var berre dette eine som var i tankane mine, at eg skulle stå framme ved altarringen og svara ja på det presten skulle spyrja meg om.

I Lom var det folksamt, kvar ein vende seg, såg ein kyrkjekledde folk. Her råka eg dei andre konfirmantane, og vi gjekk inn til presten som sat i skulen og venta på oss. Så stelte han oss opp. Par i par gjekk vi bortover mot kyrkja med presten i den svarte kjolen og kvite krag

i spissen. Eg kjende eg skalv noko i knea, da vi gjekk framover kyrkjegolvet, der alle augo var retta imot oss. Orgelet tona ut, det susa så vakkert i øyro, det var som tonane steig høgre og høgre, dei fyllte heile kyrkja som dirra av den sterke musikken. Framme på altaret stod to ljos som loga og brann, elles alle staden var kyrkja pynta med flagg. Vi sette oss stilt ned på dei lange benkene, opna salmebökene, og gav oss med i songen. Men no var det veikt i knea borte, det var kome ein ny fred over oss, så vi ikkje lenger såg alt som i ørske. Vi såg presten tydeleg der han stod fremst på golvet og tala til

~~folket~~. Så kom han gåande nedover med stutte skritt, vende seg så til oss og byrja å spörja. Og vi gav korte, låge svar. Og så var presten endeleg ferdig, og han snudde ryggen til kyrkjelyden ~~oss~~ og gjekk attende til altarringen att.

Eg höyrde ikkje så mykje av det som vart sagt av presten oppe på preikestolen, det var berre eit og anna ordet eg feste meg ved. Det var ord som skulle leva i minnet ~~mitt~~ og fylgja oss ut i livet. Så gjekk presten ned frå preikestolen att og fram til altarringen der han vinka på oss så vi skulle koma. Vi gjekk

fram, og knela ned, henda til presten vart lagd på hovuda våre, og dei vanlege orda vart lesne.

Snart var messa slutt og vi gjekk glade og smilande ut. Her kom folk strøymande mot oss, vi vart trykte i hendene og gratulerte, og då eg var vel sessa i skilen att, hadde eg fanget fullt med små og store konfirmasjonskort. Å, – så godt det var å få kvila seg på bilseta saman med far og mor.

Heime var det og folksamt. Faddrane og alle dei andre som var bedne, kom ut og tok imot oss. Då vart det gratulering

gåla ny, og eg var reint undren over alle tinga dei rakte meg, så mykje gåver hadde eg aldri fått før. Så vart vi plasserte kring det lange middagsbordet, der eg var den fyrste som skulle ta av fata. Det vart halde nokre korte taler og ~~ved bordet~~. Dei tala om korleis borna er, at dei stundar på å bli vaksne og få koma ut. Men når ~~ein~~ då er nådd det målet at ein får rå seg sjølv, da tenkjer ein attende på barneåra. Tenkjer på kor gildt ein hadde det da, og ynskjer at dei åra ikkje var farne. Og eg tenkte for meg sjølv der eg sat, at alt det dei sa,

var sant. Eg hugsa så godt at eg hadde lengta til den dagen eg skulle kallast vaksen.

Ettermiddagen gjekk fort, eg skulle sjå over alle korta og gavene mine, og eg hadde så mykje å fara med. Ut på kvelden reiste gjestene, eg tykte det var så godt då vi vart åleine att, og eg fekk krypa under dyna. Og lenge etter eg hadde lagt meg, var det som desse orda: „gratulerer som vaksen," susa i øyro mine.

MW

Retting.

vart lesne. Fadderane var bedne. gåver,

Ei ku fortel livssoga si.

No er eg ei gamal ku med ein mager skrott og med mange ringar på horna som ber merke etter alle dei kalvane eg har havt. Eg er nok snart forgamal eg, det lønner seg vel ~~snart~~ ikkje ~~og~~ å ha meg lenger, snart blir eg vel send til slakteriet inne i byen.

Ja, eg har havt både gode og vonde dagar, den likaste tida, barndomstida er no snart borte utor tankane mine. På

den vesle heimen oppe i lii er eg komen til verda. Der var det eg blaut og liten, vart tulla inn i ein sekk og boren bort i den vesle, halmstrødde bingen. Eg riste meg, gjekk med ustø skritt, datt så i koll att. Eg gav frå meg eit raut, prøvde å reisa meg opp att, medan hønene oppe på hjellen titta ned mellom skidene og undrast på kva for eit nytt vesen som var komi.

Ja, her voks eg opp, vart lik mor mi, som var grå med kvite böter på sidene. Eg vart kjend med alt og alle, eg vart goduen med grisen, som gryntå god

og fornögd i bingen ved sida av meg, goden med hönene som kakla oppe på hjellen.
Men mor mi fekk eg aldri sjå noko til, for ho stod bunden på båsen framme på fjösgolvet.
Eg höyrde mjölka som fossa ned i bytta når matmora mjölka, og eg gledde meg for kvar gong, for då skjøna eg at det vart ein mjölkeskvett på meg óg. Og det var veslegjenta, Sigrid som gav meg ho, ettersom kom ho med handa, og då saug eg. Eg klemde den vesle, mjuke handa millom tunga og gomen, og eg heile kroppen var liksom med. Dagene gjekk, og eg vart ein liken, liten kalv. Når Sigrid kom ut i bingen til meg, hoppa og dansa vi og mykje

vart vi så kive at vi sovna. Og Sigrid vart liggjande med hovudet sitt inn til mitt, og slik kunne matmora finna oss.
Så kom våren, og ein dag fekk vi sleppa ut. Det var ei høgtidstund. Eg hoppa og spratt over bekkar og tuver, det bar opp over bakkane i tvisprang, og Sigrid var med. Og så vart eg borte for ho, men da ropa ho beine på Lykkeros, for det var namnet mitt, og da kom eg setjandes med rumpa høgt i veret. Slik gjekk sumaren, og eg gjekk over frå kalv til kvige. Om hausten tok eg til å vanka med mor mi innover fjellet, der vi kåka inn i solbølingar.

frå dei store gardane nede i bygda. Men om kvelden kom vi atter heimatt til dies, og inn i det lune, trygge fjøset.

Så kom vinteren, og vi måtte stå inne på båsane stött. Så vart vi fora for det meste på høy, mang ein gong vart det noko rasjonert i oss, for det var knapt å fora to kyr på den vesle jordflekken.

Men så ein dag som vi låg og halvdorma og jorta inne i fjøset, vart døra brått reven opp, og inn kom matmor i fylgje med ein framand mann. Han såg kring seg i det vesle fjøset, og så byrja dei to å tala saman. „Eg må selja Lykkeros

no," sa matmor med skjelvande røyst.
„Vi har så gjerne viljahatt deg, men
Fôret strekk ikkje til, du får reisa du no
med." Så vart eg løyst frå båsen og
leidd ut i den kalde snøen. Bjørkene
stod kvite av rim, og ein kald snø
kom strøymande i mot oss. Eg stritta
i mot da den framande mannen tok
bandet og ville reisa med meg. Sigrid
kom bort til meg, tok meg kring halsen,
og eg såg tårene rulla nedetter kjakane
hennar. Og ho kviskra inn til ~~kalven~~ øyra mitt:
„Ha det bra da, Lykkerosa, eg skal koma
og sjå til deg snart." Så drog mannen

vandt i landet, og eg måtte fylgja med,
kva eg ville eller ikkje. Så vart eg leid
til ein stor gard nede i bygda, ein hund
kom springande i mot oss, han sökte
som galen. Og eg vart redd, for noko slikt
var eg ikkje van med oppe i lii. ~~Så~~
Eg kom ~~eg~~ inn i eit stort fjós, der det stod
lange rekker av kyr på båe sider av
fjösgolvet. Der var fleire ledige båsir, og
eg fekk plassen på ein av dei. Men eg
treivst ikkje her, det var eit kav og
bråk utan like. Her for mange budeier
med mjölkebytter på armane, men aldri
var det eit kjærleg ord å få, å, som

eg lengta attende til Lii, til Sigrids
og alle dei kjære stadane. Som vaxen
fekk eg ein kalv, men han fekk ikkje
same gode barndomen som eg. Han
vart slengd ut i ein binge til dei
andre kalvane, men her var ikkje
golvet dekt med halm.
Åra har gått fort, no er eg som
sagt ei gammal ku. Og eg har gløymt
dei kjære minna frå oppe i Lii.
No lever eg berre i notida, eg veit
ikkje av noko betre enn å vera
her på den store garden, så eg tykkjer
eg har det bra her òg.

1420